



ULVIK HERAD
5730 ULVIK

VEDTEKTER FOR ULVIK KULTURSKULE

§ 1. Kulturskulen byggjer på **Opplæringslova** § 13-6 som seier at ”*Alle kommunar skal åleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til born og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles*”. Kulturskulen skal også drivast i samsvar med eventuelle forskrifter og kommunale vedtak og planar.

§ 2. **Ulvik kulturskule** er ein kommunal musikk- og kulturskule som skal vera eit undervisingstilbod i musikk og andre kunstfag med prioritet på born og unge i grunnskulealder. Yngre og eldre kan takast inn etter særskild vurdering.

§ 3. Mål.

Ulvik kulturskule har som målsetjing å gje den einskilde eleven høve til å utvikla sine skapande evner gjennom musikk, dans, drama og annan skapande aktivitet. Kulturskulen skal byggja på dei føresetnadene og kulturtradisjonane som ligg i lokalmiljøet og vera med å leggja grunnlag for utvikling av eit rikt musikk- og kulturmiljø i lokalsamfunnet.

§ 4. Organisering og styring.

Kulturskulen høyrer administrativt under einingsleiar for skule. Rektor har det overordna ansvaret for drifta. Alle foreldre utgjer eit foreldreråd. Desse vel eit styre.

§ 5. Fagområde og drift.

Kulturskulen skal gjennom eigen aktivitet og i samarbeid/samhandling med andre yta dei tenestene som plan og rammer føreset. Kulturskulen må tilpassa aktiviteten til dei rammevilkåra han til ei kvar tid har, men samtidig ha som mål å gje eit best mogeleg tilbod i høve til ressursane. Til budsjetthandsaminga legg rektor fram plan og kostnadsoverslag for drifta/opplegget komande år.

Fagplanane bør i hovudsak ta utgangspunkt i retningslinene for fagområde i ”Rammeplan for kulturskulen”.

Hovudtilbodet vil verta innanfor **musikk**; instrumental og vokal opplæring, individuelt og i grupper.

Tilbod innan **andre kunst- og kulturuttrykk** kan vera dans, drama, litteratur og ymse former for biletkunst. Tilboda må tilpassast aktuelle ynskje og dei høve skulen har for å skaffa kvalifiserte lærarar. Opplegga kan organiserast som grupperundervising og kan gå over heile skuleåret, eit semester eller i ein avgrensa periode.

§ 6. Samarbeid.

Eit av grunndraga ved kulturskulen er samhandling og samarbeid. Kulturskulen må vera utovervend og søkja samarbeid på ulike felt.

Samarbeid med **grunnskulen** er lovfesta og forpliktande for begge partar. Dette samarbeidet må ta utgangspunkt i dei aktuelle tilhøva i heradet og kan byggja på idear i "Rammeplan for kulturskolen" pkt. 1.3.1. Det bør vera eit mål å utvida dette samarbeidet til også å gjelda barnehagen. Kulturskulen er i tillegg til ein undervisningsinstitusjon også ein formidlings- og kulturinstitusjon i heradet. Skulen må difor sjå det som ein viktig del av oppgåva si å medverka i ulike tilskipingar i lokalmiljøet, dvs. samarbeid med **organisasjonar** og andre kulturtilskipingar. Samarbeid over kommunegrensene er viktig m.a. for å finna gode måtar å utnytta ressursane på.

§ 7. Søknad, opptak, utmelding.

Kulturskulen har hovudopptak av elevar ein gong i året med frist for søknad 1. juni.

I tilfelle det ikkje er plass til alle søkjarar, avgjer rektor opptak. Til vanleg vert søkjarar som har stått lengst på venteliste, tekne opp først ved ledig plass. Dersom det er plass, kan det gjerast nye opptak for vårsemesteret etter nyttår.

Ein tildelt plass er bindande for heile semesteret (dvs. ½ år). Dersom ein elev vil slutta midt i semesteret, skal det likevel betalast elevpengar for heile semesteret, så sant ikkje ein annan søkjar kan overta plassen. Oppseiing av elevplass skal vera skriftleg.

§ 8. Elevbetaling.

Betaling gjeld dei satsar som til ei kvar tid er fastsette av heradsstyret. Det vert gjeve syskenmoderasjon med 50% til kvar av syskena ut over den første.

§ 9. Undervising og undervisingstid.

Skuleåret for musikkskulen fylgjer grunnskulen si skulerute, og elevane får undervising ein gong pr. veke i 38 veker pr. år eller 19 veker pr. semester. Når skuleåret byrjar, vert det gjort timeavtale med lærarane.

Undervisingstimane til grunnskuleelvar er 22,5 min. pr. veke. Gruppeundervising kan variera mellom 45 og 60 min.

Elevane pliktar å møta til kvar time. Forfall må meldast direkte til læraren. Kulturskulen set vanlege krav til god framferd. Det er viktig at elevane fylgjer opp undervisinga med å øva heime. Læraren gjev rettleiing om slik øving.

§ 10. Vurdering og kvalitetsutvikling.

Kulturskulen må gjennom ein årleg verksemdsplan og evaluering av denne syta for ei kontinuerleg kvalitetssikring og kvalitetsutvikling av verksemda. Det er viktig at både tilsette og brukarar er med i denne prosessen.

§ 11. Endring av vedtektene.

Vedtektene kan endrast av heradsstyret.